



Leif Johnny Kørhne

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/968 - 14/13632

Saksbehandlar:
Siril Therese Sylta
Siril.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:
05.06.2014

Avvising av klage på gebyr - gbnr 58/150 Lygra indre

Administrativt vedtak. Saknr: 102/14

Saka gjeldt:

Saka gjeldt klage på gebyr på kr. 10.000,- for løyve til oppføring av kai.

Det vart sendt inn søknad om dispensasjon for oppføring av kai. Administrasjonen gav avslag på søknaden i vedtak datert 24.04.2013. På bakgrunn av dette vart det gjeve gebyr på kr. 11.400,- for handsaming av søknaden. Det vart sendt inn klage på avslaget. Plan- og miljøutvalet handsama saken i møte 20.06.2013, og gav dispensasjon på vilkår. I søknad motteke 07.01.2014 vart det søkt om oppføring av kaien etter plan- og bygningslova. Søknaden vart handsama i vedtak datert 14.01.2014, og det vart gjeve gebyr på kr. 10.000,- for tiltaket.

Gebyret på kr. 10.000,- i Lindås kommune sitt vedtak datert 14.01.2014 vart klaga på av tiltakshavar i e-post motteken 10.02.2014.

Klage:

I klagen står det:

«Hei. Har allerede betalt ei rekning på 11400,- som er spesifisert med :søknad disp . plan Gbnr 58/150 .Fekk da inntrykk av at dette vare gebyret for kai søknaden (når eg ser i papira står disp søknad spesifisert med ein kostnad på ifølge C.4.2 7500,- og at time prisen for byggesak er 780,-) så finner det rimelig at ei byggesak på ein kai kommer på 11400,-

Etter å ha klaga på avslaget og fått godkjent kai får eg på ny ei rekning på 10000 for kai søknad finner det ganske urimelig og uforståeleg at ein søknad på kai skal koste 25000,- (for det er vel sånn at sakshandsaming skal vera kost pris og ikkje vere ei inntekt for kommunen)

Ber derfor at dere går igjennom saks gebyra på nytt og håper på positiv tilbakemelding»

Post

postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733



Vurdering:

Det følgjer av plan- og bygningslova § 33-1 1.ledd at kommunen har heimel til å fastsetje gebyr for tenester/arbeid som ein utfører etter plan- og bygningslova. Fastsetjing av gebyrsatsar gjennom eit regulativ vert å sjå som ei forskrift etter forvaltningslova § 2 bokstav c. Gebyra er standardiserte og er knytte direkte opp mot ulike tenester.

Det følgjer av forvaltningslova § 28 1.ledd at enkeltvedtak kan klagast på. I forvaltningslova § 2 1.ledd bokstav a, jf. b er eit enkeltvedtak ei avgjerd som vert treft under utøving av offentlig myndigheit og som gjeld rettar og plikter til ein eller fleire bestemte personar.

I brev frå lovavdelinga i Justisdepartementet den 29.8.1989 kjem det fram at det er avgjerande for korleis gebyrordninga er utforma, om det pålagte gebyr er å sjå som eit enkeltvedtak eller ikkje. Der ei gebyrforskrift er utforma slik at eit eintydig bestemt gebyr skal betalast, kan ilegging av gebyr ikkje sjåast på som eit enkeltvedtak. Vidare er det uttalt at det blir heller ikkje gjort ei individuell avgjerd sjølv om det finst differensierte gebyrsatsar så framtidig det ikkje er forbunde med rettsleg eller faktisk tvil å ta avgjerd om kva gebyr som skal illeggast i den ein skilde sak, men er kun snakk om kalkulasjon av faktiske kjennsgjeringar.

I denne saka vart det først søkt om dispensasjon frå arealføremålet i gjeldande plan og frå byggeforbodet i strandsona. På bakgrunn av handsaming av denne søknaden vart det gjeve gebyr på kr. 11.400,- i samsvar med Lindås kommune sitt gebyrregulativ gjeldande for 2012.

I 2014 vart det søkt som sjølv byggjetiltaket etter plan- og bygningslova. På bakgrunn av handsaminga av denne søknaden vart det gjeve gebyr på kr. 10.000,- for tiltaket, med heimel i Lindås kommune sitt gebyrregulativ for 2014 (gjeldande frå 01.01.14 – 30.03.14).

For søknadar om tiltak som krev både dispensasjon og handsaming av tiltaket etter plan- og bygningslova vert det gjeve gebyr for både handsaming av dispensasjonen og for sjølv byggetiltaket. Administrasjonen kan ikkje sjå at det har vore knytt faktisk eller rettsleg tvil kring fastsetjinga av det gebyret som skal betalast i saka, og det er ikkje utøvd skjønsmessige vurderingar i samband med gebyrfastsetjinga.

Betalingsplikta har ikkje oppstått som ei følgje av ei individuell avgjerd frå forvaltninga, og fastsatt gebyr kan ikkje reknast som eit enkeltvedtak som kan påklagast, jf. fvl § 28 1.ledd. Klagen må difor avvist, jf. fvl § 33 2.ledd siste setning.

Vedtak

Klage på gebyr motteke 10.02.2014 vert avvist, jf. forvaltningslova § 33 2.ledd siste setning, jf. § 28 1.ledd.

Klagerett:

Vedtak om å avvise klagen er eit enkeltvedtak som kan påklagast til overordna forvaltningsorgan innan 3 veker, jf. forvaltningsloven § 29 første ledd. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. Det skal gå fram kva vedtak som vert påklaga og kva endring(er) ein ønskjer. Klagen skal

grunngevast og signerast av klager eller hans fullmektig. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Orientering:

Det vert med dette orientert at det med heimel i gebyrregulativet for 2014 er det i punkt A.4 er mogeleg og søkje om redusert gebyr når det ligg føre «særleg grunn». I ein slik søknad må det gå fram kva tilhøve ein meiner stettar krava til særleg grunn i den konkrete saka. Personlege/sosiale høve vert ikkje rekna som særleg grunn.
Dette til orientering.

Med helsing

Siril Therese Sylta
konstituert fagleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Leif Johnny Køhne